



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Rauland, Haukeli og Møsstrond Skuterklubb - Søknad om støtte til drift av skuterløypene

Vedlegg

- 1 Søknad stønad skuterklubbane.docx

Dokument i saka

Bakgrunn

Vinje kommune har eit stort og unikt tilbod gjennom løypenettet for snøskuterar. Heilt sidan løypenettet vart vedteke i 2016, etter nokre år med prøveordning, har løypenettet blitt utvikla, opprusta og forlenga til at det i dag er nær 190 km med løyper.

Snøskuterkøyring er ein aktivitet som har sterke tradisjonar i Vinje. Fyrst og fremst som eit naudsynt verktøy for ulike næringsaktivitet, men òg som ein hobby og fritidssyssele for mange.

Det er snøskuterklubbane i Rauland, Haukeli og Møsstrond, som står for det dagleg vedlikehaldet av løypenettet. For dette får dei ein årleg sum støtte, som har sitt utgangspunkt i tal på km løyper kvar klubb har ansvar for. Samla utbetaling for dette i 2024 var kr 349 920,-.

Finansiering av dette går gjennom rammene til KNF, og har administrasjonen av skuterløyva til både fritidskøyring og næringskøyring. Sal av desse løyva går inn som inntekt til dekning av løn, nettløysing, m.m. og til nemnt støtte i same ramme.

Inntektene for 2024 er ikkje klare pr i dag, men for 2023 var dei på nær kr 700 000,-. Etter utbetaling av støtta, samt dekning av alle kostnader, enda det året på minus kr 223 000,- som då vert dekt av ramma til KNF. Det grunn til å tru at eit liknande resultat blir for 2024, då ein ikkje såg rom for å auke støtta til klubbane og inntektene, er resultatet truleg lik det ein hadde i 2023.

For klubbane har kostnadsauken vore stor dei seiste to åra, ikkje minst har prisen på snøskuter, preppemaskin og anna, auka med 10 tals %, noko som gjer at dei faste kostnadane aukar tilsvarande. For soleis å kunne drifte løypenettet som i dag ser dei seg naudsynte å søkje om ei samla årleg støtte på kr 200 000,- i tillegg til det dei har i dag.

Vurdering

Det er ein fantastisk jobb skuterklubbane gjer for å ha dette unike tilbodet i så bra stand det er i dag. Eit oppslag i VTB, stadfestar dette på alle vis. Det blir lagt ned eit uttal dugnadstimar i tillegg å bruke privat verktøy og utstyr. Det er litt ulike måtar å utføre vedlikehaldet på, men på alle vis har kostnadane auka i takt med prisstigninga elles.

Som følge av at det skal vera mogleg for alle å drive denne aktiviteten har kommunen vore varsam med å ha for høg pris på løyva og klubbane på si side årskontingent.

Mange meiner at dette er eit tilbod, mange har stor glede av og på mange vis er med på å redusere bl.a. utanforskap. Det er ein aktivitet, som for mange og kanskje nokre den einaste måten ein får oppleve natur og friluftslivet. Men det er og mange som er sterkt kritiske til denne aktiviteten, gjennom bl.a. støyureining. Det er difor viktig å ha fokus på dette, noko me meiner me har nettopp gjennom å ha eit fastlagd løypenett. Då veit alle at der er det skuter, med det det gjev av følgjer.

Etter som løypenettet har blive eit kjent tilbod, er det mange som reiser langt for å nytte tilbodet og soleis og leiger seg utstyr lokalt. Dette har ført til at Vinje kommune har fleire næringsaktørar som driv utleige av skuter, samt 3 forhandlarar på snøskuter. Det er viktig med tanke på miljøtilpassing av for eksempel el. snøskutarar.

Kommunedirektøren meiner difor at dette er eit tilbod ein bør stø opp om og rår til å imøtekoma søknaden med å auke årleg tilskot med kr 200 000,- fordela som før, til dei ulike klubbane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune, løyver årleg kr 200 000,- til fordeling på Rauland, Haukeli og Møsstrand skuterklubb. Inndekning frå næringsfondet.

Saksframlegg er godkjent av , .